

## Protokoll

**Formål:** Møte i Helseutvalet  
**Møtetid:** 6.februar 2015, kl. 9 - 12  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Jon Askeland, Astrid Aarhus Byrknes, Odd Ivar Øvregård, Karstein Totland, Øyvind Olsnes, Rune Heradstveit, Nils Marton Aadland, Rolf Martin Tande, Marit Johnsen, Roar Hansen og Anne Hildegunn Færøy  
**Møteleiar:** Astrid Aarhus Byrknes  
**Sekretær:** Anne Hildegunn Færøy

SAKS NR	SAKSLISTE	Orientering Vedtak Drøfting
01/15	Protokoll frå utvalsmøte 05.12.2014- godkjent utan merknader	V
02/15	Innkalling og saksliste - godkjent utan merknader	V
03/15	<p><u>Plan for interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta</u>            Anne Hildegunn Færøy presenterte Handlingsplan 2015 for oppfølging av tiltakspunkt som støttar opp under mål og tiltak vedtatt i <i>Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland</i>.            Handlingsplanen skisserer innsatsområda med konkretisering av tiltak som har fått prioritet i 2015. Planen skal til endeleg godkjenning i Rådmannsutvalet i februar</p> <p>HU takkar for gjennomgang av Handlingsplan, og støttar vidare arbeid for konkretisering av tiltaka.            Handlingsplan er vedlagt i e-post.</p>	O
04/15	<p>a) <u>Helsehusprosjektet</u>            Anne Hildegunn Færøy orienterte om status og framdriftsplan for byggeprosjektet Notat som viser status og framdriftsplan for prosjektet var sendt til utvalet i forkant av møtet. Presentasjon som viser dette og vidare arbeid med helsetenesteutvikling knytt til prosjektet med særleg fokus på realitetar, visjonar og vidare prosess er vedlagt i e-post.</p> <p>Helseutvalet takka for orienteringa, og ber om at status og framdriftsplan for prosjektet vert orientert om på nettsider og sendt til kommunane som ei statusmelding.</p> <p>b) <u>Folkehelse</u>            Roar Hansen orienterte om oppdrag retta mot interkommunalt samarbeid om Folkehelse, og stilte mellom anna spørsmål om korleis involvere og skape engasjement i kommunane, blant innbyggjarane og med frivillige lag og organisasjonar. For å finne ut meir om dette vil han arbeide tett opp mot den enkelte kommune. Det blir mellom anna presisert at dette vil utgjere eit viktig grunnlag for å finne ein felles visjon og mål for dette arbeidet.</p>	O

05/15	<p><u>Lokalisering av- og tilgang på legespesialistar i Nordhordland</u> Oppfølging av sak 32/14</p> <p>Helseutvalet fekk i møtet presentert utkast til saksgrunnlag som kan nyttast for å presentere problemstillinga på eit overordna politisk nivå. I saka blir det mellom anna vist til praksis rundt lokalisering av private avtalespesialistar i helseregionane, og at dette i praksis inneber at tilgang og reiseavstandar til slike helsetenester er svært ulikt for innbyggjarane i Hordaland.</p> <p>Helseutvalet vil med eit slikt brev be om at dette vert drøfta på eit overordna politisk nivå.</p> <p>Vidare vert det stilt spørsmål ved om det kan vere aktuelt å sjå på andre modellar for å få legespesialistar til å lokalisere seg i helsehuset. Alternative løysingar kan vere samarbeid med Haraldsplass Diakonale Sjukehus og/eller Helse Bergen om etablering av polikliniske tenester/satellittar Eit anna alternativ kan vere å invitere inn private aktørar som t.d Volvat eller Aleris.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Anne Hildegunn Færøy sender utkast til saksframlegg til medlemmene i utvalet og ber om innspel til eventuelle endringar i dokumentet. Når dokument er ferdig vil Helseutvalet sende saka til Helse og omsorgsdepartementet v/dep.råd. Representantane i Helseutvalet vil sørge for oppfølging og mulig politisk handsaming av dette.</p>	D
06/15	<p><u>Orientering frå andre utval</u> - Ingen saker meldt.</p>	O
07/15	<p>Evt <u>Kjernejournal</u> Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om at frå 1. mars 2015 vil alle innbyggjarane på Vestlandet få tilgang til sin kjernejournal via <a href="http://www.helsenorge.no">www.helsenorge.no</a> Fastlegane har fått informasjon om ordninga frå Helsedirektoratet. Det skal også vere sendt ut informasjon til kommunane ved postmottak. Helseutvalet ber kommunane orientere om dette på sine nettsider. Det vil også bli orientert om på <a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a></p>	